

Innspel til oppstart av detaljregulering for Aasenkvartalet

	Oppsummering av innspel	Kommentar/vurdering
1. NVE, brev datert	Kjem med generelt innspel om å nytte NVE sine kartbaserte rettleiingar for å ta omsyn til aktuelle tema i planarbeidet.	Imøtekome.
NVE, datert 19.06.2025	Generelt innspel.	Ingen kommentar.
2. Ingunn Arnesen og Aksel Farstad, brev datert 20.06.2022.	Er svært forbausa over at eigedomen gbr. 19/97 er teken med i planarbeidet. Protesterer mot inngrep i eigedomen og varslar erstatningskrav. Meiner det er uakseptabelt at konsekvensutgreiing er utelaten. Viser til sak 09/22 der det er opplyst om at det er krav om konsekvensutgreiing. Meiner det er uakseptabelt med 6 etasjar over parkeringskjellar og at ein ikkje kan akseptere eit slikt fråvik frå eksisterande reguleringsplan. Meiner det er problematisk med tilkomstveg forbi huset som vil gi stor trafikkfare og støy heile døgnet i tillegg til støy frå E39. meiner det ikkje er mogeleg å leve med så stor trafikk som 30000 m2 næringsareal med 600 tilsette og hotellgjestar vil medføre dag og natt og motsett seg løysinga på det sterkaste. Krev at konsekvensane vert utgreidd og ber om å trekke inn uhilda instansar som kan ivareta naboane sitt ve og vel. Ber om at det vert teke omsyn til barn og unge som brukar vegen når dei skal til stadionområdet. Elevar frå alle skular brukar vegen. meiner det ikkje er forsvarleg å blande fotgjengarar og biltrafikk og at det ligg an til ulukker.	Planforslaget foreslår parkeringsareal på dykkar eigedom. Det vil då bli sett i gong prosess med innløyising av eigedomen etter reglane i plan- og bygningslova. Etter sak 09/22 har ein gått grundigare gjennom forskrift om KU med rettleiing og konkludert med at det likevel ikkje er behov for konsekvensutgreiing. Vurdering av konsekvensar for naboar er likevel tema i planomtalen. Det er sett i gong arbeid med reguleringsplanen nettopp fordi ein ønskjer å gå ut over eksisterande reguleringsplan. I planen vert det no foreslått å auke byggehøgda til 7 etasjar for bygg i N/T1. Det er lagt til rette med gode løysingar for mjuke trafikantar. Dette er gangveggar og fortau som kompletterer og vidarefører dagens løysingar for mjuke trafikantar.

	Viser til at friområdet vest for eiegen er den siste grønne flekken og at dette var den opprinnelege Joplassen. Huset er flytta til Haualeitet men tunteet står igjen. Viser til at Høgskulen har grusa opp ein del av området og nyttar det til snøopplag. Spør om dette er i tråd med reguleringsplanen. Foreslår at området vert tilbakeført til slik det var med gras, frukttred, bærtre og buskar. Foreslår skilt om plassen. Viser til negative erfaringar frå bygging av mediebygget og Volda Campus Arena og krav at det vert omsyn til at dei skal bu der og at helgefret frå fredag til søndag vert overhalde. Vil ikkje akseptere støyande kveldsarbeid og at tilkomst til huset vert sperra på noko tidspunkt.	Planforslaget legg opp til å etablere eit parkeringsareal på det grønne arealet vest i planområdet. Det er tatt inn krav om vegetasjon på parkeringsplassane. Det er tatt inn eit areal for park lengre mot aust o_PA1. Det er tatt inn føresegnar med krav til bygge- og anleggsfasen. BT1 vil nytte tilkomst frå Sjukehusvegen.
3. Anders G. Rotevatn og Silje E. Nedrelid, brev datert 20.06.2022:	Meiner byggehøgda vist i konkurranseutkastet vil framstå som kolossalt og til vesentleg sjenanse for naboane i bakkant. Viser til at Aasenkvartalet vil stå i svært stor kontrast med sine 22 m gesimshøgde over parkeringskjellar. Viser til at VCA ikkje er i nærleiken så høgt med sine ca. 16 m gesimshøgde. Stiller spørsmål om arkitekten har vektlagt samspel mellom volum, høgde og kringliggande arkitektur. meiner høgda må rette seg etter dei andre bygga på Campus og ta utgangspunkt i same byggehøgde som Mediebygget eller BK og Synnøve Riste-huset. Meiner det er viktig å halde på at Joplassen skal vere einaste tilkomst så lenge dei trafikale løysingane i området langs Sjukehusvegen, Nytun og Røysmyrane er under press og nye løysingar let vente på seg.	Planforslaget opnar for bygg opp til 7 etasjar over bakkenivå i område N/T1. Det er gjort grep for å redusere dei negative verknadane for naboane. Bygg i N/T2 er plassert lengst muleg mot sør og får såleis større avstand til bebyggelsen. Bygg i N/T3 er og trekt lengre sør. Her sikrar føresegn om høgde at den øvste etasjen vert inntrekt. Aasenkvartalet vil heilt klart framstå som ein ny type bygg med andre byggehøgder. Dette er eit ledd i auka utnytting av dei avgrensa utbyggingsareala vi har i Volda sentrum. Det er lagt opp til tilkomst frå både Joplassen og Nytun. Det er sett rekkjefølgjekrav om utviding av Nytun med fortau og fortau langs Sjukehusvegen.

	Peiker på at Høgskulen og Aasenkvartalet fører med seg mykje gangtrafikk og at det bør gjerast meir for å sikre trygge fortau og gangveggar i området. Ber om at det bør ligge eit rekkjefølgjekrav for Aasenkvartalet for realisering av fortau langs Nytun før bruksløyve. Ber om at parkområdet F1 som fungerer som ei buffersone ikkje vert redusert. Arealet bør innehalde areal eigna for leik og ikkje berre tilkomst og vassveg for «Campusparken» og Aasenkvartalet. Ber om at den må støtte Statsforvaltaren sin rettleiar for leikeplassar i plansaker.	Fríområdet F1 i gjeldande plan er vidareført. Det er ikkje lagt opp til å etablere leikeplass i området, men det er opna for tiltak som gjer området meir tilgjengeleg som rekreasjonsområde.
4. Naboar i Nytun og Røysmyrvegen, 21.06.2022.	Peikar på at nabolaget vart etablert på 60- og 70 talet og at det har vore positiv utvikling med nye bygningar og stor aktivitet i lengre tid. Viser til at utbyggingane har vore underlagt tidlegare reguleringsplanar med begrensing på 3 etasjar over bakkenivå, noko som dei fleste har vore nøgde med. Viser til at den omsøkte reguleringa vil gi vesentleg auke av bygningsmasse og fortetting av området. Bygningsmassen kjem mykje nærare dei etablerte buområda og er tenkt oppført med 6 etasjar over bakkeplan. Meiner den planlagte hotelldelen vil medføre endring av etablert køyremønster som vil gi vesentleg meir trafikk inn på Nytun(vegen). Viser til at skissert etasjehøgde på 3,8 m i søknadsdokumenta vil gi byggehøgde på i underkant av 23 m over bakkeplan. Viser til at tiltaksgrensa mot Nytunvegen i nord ikkje er lengre enn 30 m frå husveggane.	Planforslaget opnar for bygg opp til 7 etasjar over bakkenivå i område N/T1. Det er gjort grep for å redusere dei negative verknadane for naboane. Bygg i N/T2 er plassert lengst muleg mot sør og får såleis større avstand til bebyggelsen. Bygg i N/T3 er og trekt lengre sør. Her sikrar føresegn om høgde at den øvste etasjen vert inntrekt. Det er lagt opp til hovudtilkomst frå Nytun for områda N/T2 og N/T3. Dette vil gi auka trafikk i Nytun. Det er derfor sett krav om utviding av Nytun og etablering av fortau både langs Nytun og Sjukehusvegen. Hotellet som vil kunne bli etablert i N/T1 vil ha hovudtilkomst frå Joplassvegen. Byggehøgdene som er tillate vil gi redusert utsikt. Sol/skuggeanalysen viser at soltilhøva for tomtene i Nytun ikkje vert påverka av utbygginga. Det er gjort grundige vurderingar av om planen kjem inn under krav om konsekvensutgreiing. Ut

	Peiker på at bebuarar i Nytunvegen, Røysmyrvegen og Kårstadvegen misser utsyn og vil gi skugge for sola noko som vil medføre ein vesentleg forringelse av området som dei ikkje kan godta. Ser helst at dei nye bygningane følgjer etablerte høgder som er på dei omkringliggende bygningane i dag. Finn det underleg at Volda kommune vurderar tiltaket som unødvendig å konsekvensutgreie når det er lagt til grunn at auka på bygningsmasse ikkje overstig 15.000m² meir enn gjeldande reguleringsplan gir høve for. Meiner og det er underleg at konklusjonen er basert på ein tidlegare plan der det er vist til at det ikkje er fastsatt utnyttelsegrad. Meiner det er noko forvirrande at det vert brukt tall som 20.000m² i varselokumentet. I oppstart av planarbeid dokumentet vert det vist til ny bygningsmasse som vil kunne gi 30.000-35.000m². Meiner det er betenkeleg at kommuneadministrasjonen forsøker å flytte sentrum i Volda austover til dette området med tanke på hotellfunksjon. Og vi undrast om dette er politisk behandla og er lagt føringar for. Viser til uformelt møte 16.06, der det kom fram at det er planar om eit byggetrinn 3 der Rotevatngarden er i dag. Naboane opplever dette som det same området og det same prosjektet når det vert bygt og er ferdig og føler at dette er ein måte å krympe omfanget på og ein måte å unngå den omtalte konsekvensanalyse på og finner dette noko uryddig. Naboane er bekymra for at deira interesser ikkje vil bli ivaretekne eller belyst utan ein grundig Konsekvensanalyse og bed om at det blir foretatt ein grundig vurdering av dei ulike forholda som vert endra eller påverka for	frå gjennomgang av forskrift om KU med rettleiing er det konkludert med at det ikkje er behov for konsekvensutgreiing. Det stemmer at det har vore uklart når det kjem til kor stort bruksareal ein skal legge til rette for. Planforslaget opnar no for at det kan først opp bygg med eit bruksareal på totalt 22650 m² BRA. Formannskapet har gjort vedtak om at det er ønskeleg med hotell i planområdet. Funksjonar i planområdet vill komplettere funksjonar i indre sentrumssone og ligg innanfor 10-minuttersbyen i fylkeskommunen sine strategiar. Eit hotell i planområdet vil vere med på å styrke dei regionale funksjonane i området og såleis vere heilt i samsvar med overordna mål i kommuneplanen sin samfunnsdel. Planområdet er utvida og inkluderer også Rotevatn-tomta. Det er gjort vurderingar av verknader for naboar som kjem fram i planomtalen. Det er gjort tiltak som å trekke bygg lengre mot sør og utvide Nytun og sette krav om opparbeiding av fortau både langs Nytun og Sjukehusvegen. Solforhold er kommentert tidlegare.
--	--	---

	oss som naboar med tanke på byggehøgde,trafikk, solforhold, støy etc. Protesterar på følgande: 1. Vi vil ikkje godta ein byggehøgde utover den gjeldande reguleringsplanen som seier 3 etg. 2. Vi godtar ikkje at konsekvensanalyse vert utelatt. 3. Vi godtar ikkje at tilkomst frå Nytunvegen kan nyttast til gjennomgangstrafikk eller som tilkomst til parkeringsanlegg. 4. Om det vert etablert hotell godtar vi kun takterasse eller opent uteområde vendt mot aust. 5. Vi godtar ikkje at byggetrinn 3 er utelatt i denne omgang, men insisterar på at det vert teke inn i prosessen no slik ein får eit heilheitleg bilde av heile Åsenkvartalet.	
5. Møre og Romsdal fylkeskommune, datert 21.06.2022:	Viser til saksutgreiinga til sak i Formannskapet og vurdering av krav om konsekvensutgreiing. Gjer klart at dei ikkje vil imøtegå kommunen si vurdering om at det ikkje er krav om konsekvensutgreiing, men presiserer at prosjektet sitt omfang uansett krev grundig og solid vurdering av verknadane av planen, ikkje minst korleis etableringa vil påverke føresetnadane for sentrumsutviklinga i Volda. Dei meiner at det er uheldig at detaljreguleringa av delar av Campusområdet vert sett i gong før ein vedtek områderegulering for området. Meiner det er uheldig at prosjektet ber preg av på det næraste å vere «ferdig planlagt» og at ein derfor i liten grad får vurdert alternative lokaliseringar og drive aktivt medverknadsarbeid.	Verknader av planen er vurdert på ein grundig måte i planomtalen. Dette gjeld også korleis utbygginga vil påverke sentrumsutviklinga i Volda. Det er ønskeleg å kome i gang med utbygging innanfor planområdet så snart som muleg og ein områderegulering for heile Campus ville vore eit meir omfattande planarbeid som vil kunne ta vesentleg lengre tid. Formannskapet som planmynde har godkjent oppstart av detaljregulering for delar av Campus.

	Viser til soneinndelinga av sentrum i KDP for tidlegare Volda kommune og meiner hotellverksemd høyrer heime i indre sentrumssone. Saknar planprogram sjølv om det ikkje er KU-plikt. <u>Samferdsel:</u> oppmodar til eit særskilt fokus på tilhøva for mjuke trafikantar og kollektivreisande. Busshaldeplassar må bli regulerte og opparbeidde i tråd med Statens vegvesen si handbok N100. Planforslaget må vurdere, samt sikre trygg kryssing for mjuke trafikantar frå busshaldeplass til etablert gang- og sykkelveg på strekninga. Kva som er trygg kryssing må vurderast ut ifrå krava i handbok N100 og V127. Behov for tilretteleggingstiltak må bli sikra som rekkefølgjeføresegn. Planforslaget må knyte rekkefølgjekrav til alle tiltak som påverkar og sikrar dei trafikale løysingane og løysingar for mjuke trafikantar. Manglande vurderingar og/eller krav til nødvendige tiltak kan gi grunnlag for motsegn til planforslaget. <u>Kulturminne frå nyare tid:</u> Minner om at det gamle distriktshøgskuleområdet er ført på lista over prioriterte lokale bygningar i gjeldande lokal kulturminneplan for Volda og at statusen området har som lokalt verdifullt kulturmiljø er vidareført i revidert forslag til kulturmiljøplan som no er til høyring. Bygningane innanfor høgskuleområdet har ein arkitektur som refererer seg til arkitektoniske uttrykksformer som var gjeldande i den samtida dei ulike bygningane vart utforma. I det utvida høgskuleområdet som også femner om lærarhøgskulen ligg der undervisningsbygg som i tid referer seg til nesten heile den høgare utdanningshistoria til Volda. Heile høgskulekonteksten med Kårstadhuset (1922) inkludert refererer seg til ein epoke på om lag 100 år.	Prosjektet var ikkje ferdig planlagt ved planoppstart og de vil sjå at prosjektet er vesentleg endra frå planoppstart. Prosjektet er vidareutvikling av aktiviteten som er i området i tillegg til nye funksjonar som er knytt til denne aktiviteten. Hotelldelen er i hovudsak tenkt å dekke behov for verksemdar/aktiviteter i Campusområdet. Mjuke trafikantar har hatt eit særskilt fokus. Og det er lagt vekt på samanhengande gangnett gjennom Campus som og vert påkopla både dagens og planlagt gang-/sykkelnett når E39 Volda – Furene vert realisert. Hovudinngangen til bygg i N/T1 er lagt mot busstopp, med park, torg og gangtilkomst. Det er såleis lagt godt til rette for kollektivreisande. Det er tatt inn rekkefølgjekrav om opparbeiding av fortau langs Nytun og Sjukehusvegen. Planområdet omfattar eit avgrensa areal heilt aust på Campus. Hans Strøm-bygget er alt renovert og fornya. Ivar Aasenbygget er tidlegare vurdert å vere i så dårleg stand at det ikkje er hensiktsmessig med renovering. Planforslaget opnar derfor for at dette kan erstattast av eit nytt bygg, som vil vere typisk for si tid med andre dimensjonar og høgder. Utbygginga vil ikkje redusere den kulturhistoriske verdien på Campus i vesentleg grad, men vil heller gi eit løft til den austlege
--	---	--

	Ber om at det må gjerast kulturminnefaglege utgreiingar i samband med reguleringsarbeidet. Utgreiinga bør granske bygningsmiljøet som heilskapleg kulturmiljø forma over ein lang periode. Heile kulturmiljøet, både dei strukturelt samanhengande uteroma området er forma av og enkeltbygg bør undersøkast og verte underlagt ei kulturminnefagleg analyse som munnar ut i ei detaljert verdivurdering. Analysen bør ligge til grunn for, og legge føringar for den vidare utvikinga av Aasenkvartalet. Område bør byplanfagleg sjåast i samaheng med andre delar av tettstadstrukturen i Volda. Analysen kan òg kunne hjelpe med å avklare om delar av programmet som er lagt til planområdet kan fordelast til andre stadar i tettstadstrukturen. Dette vil kunne revitalisere også andre delar av Volda sentrumsstruktur og kanskje også gjenbruke bygningar som treng eit nytt program. Utgreiinga bør leggst til grunn for eventuelle omsynssoner i reguleringsplanen. Ved oppstart av regulering vil fylkeskommunen rå til at Hans Strøm-huset vest for det melde planområdet vert inkludert i eit utvida planområde og gjeve omsynssone H-570 med føresegnar som sikrar at dei arkitektoniske kvalitetane i eksteriøret vert verna. Denne bygningen har arkitektoniske kvalitetar og er representant for ein type arkitektur og byggeskikk fylkeskommunen ønsker å verne for framtida. <u>Tettstadutvikling:</u> Uteromma er ein viktig kvalitet ved eit vellukka byggeprosjekt. Kvalitet handlar om medviten programmering av funksjonar, korleis dei er kopla saman med bygningsprogrammet og til området elles tilbyr både aktivitet og opphald, er inviterande og inkluderande med varierte møteplassar samt at det er grønt og vakkert og med god materialkvalitet. Gode uterom har positiv verknad på folks helse	delen av Campus. Ein har konkludert med at det ikkje er behov for noko kulturminnefagleg analyse. Det er sett krav om utomhusplan som skal vise plassering av bygningane i samanheng med omkringliggjande bygningar ev. utvidingar/nybygg, eksisterande og planlagt terreng, beplantning, lyssetting, skilt, benkar, trapper, køyreareal, atkomst, varemottak, lagerareal, garasjar, parkering, utopphaldsareal,
--	---	--

	og trivsel og kan gjere at vi blir meir innovative. Vi rår til at det i samband med reguleringsplanen for byggeprosjektet blir utarbeidd ein plan for dei offentlege romma som avklarar program, konsept og ambisjonar for uteromma. Kunst i offentlig rom kan tilføre omgivnadene tankevekkande og viktig innhald. Vi rår til at kunst i offentlig rom blir vurdert i ein tidleg fase. Arbeidet må utgreie kva verknader planen vil få for sentrum i Volda, og dersom verknadene blir store, vil det vere grunn til å endre planane. Viser til merknadene våre over og ber om at dei vert tekne med i arbeidet med reguleringsplanen og minner elles om at det er høve for å melde inn planen til regionalt planforum.	gangareal, grøntanlegg, gjerde, ev. støttemurar, materialbruk, avfallshandtering, støyskjermingstiltak, korleis den ubebygde tomta skal planerast og utnyttast, leikeareal (jf. bygningen sin funksjon/innhald), snøopplag, handtering av overvatn, regnbedd og korleis tilgjenge/universell utforming er ivareteke m.m Det er sett krav til utforming av uterom.
24.06.2025	Ingen merknader til utvida planområde.	
6. Statsforvaltaren, brev datert 30.05.2022:	<u>Planfagleg:</u> Skisserte utbygging er så omfattande at det bør ligge føre gode illustrasjonar som synleggjer landskapsverknaden bygningsmassen vil få. Dette må visualiserast frå fleire vinklar som viser både nær- og fjernverknad. <u>Vassdrag:</u> Mot nord omfattar planområdet også ein bekk med kantsoner, som i gjeldande plan er sett av til offentlig friområde. Både av omsyn til naturmangfaldet knytt til bekken og dei kvalitetane som ope vatn har som miljøelement i vid forstand, bør dette arealet behalde gjeldande planføremål. Det må oppretthaldast tilstrekkeleg kantsone. <u>Samfunnstryggleik og klimatilpassing:</u> Minner om at det område med fare, risiko eller sårbarheit skal merkast av i kartet som omsynssone, jf. plan- og bygningslova § 12-6 og at det ikkje er mogleg å skyve nærare avklaring av reell fare til byggesak. Gjer merksam på «Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing» som mellom anna seier at ved planlegging av nye område for utbygging, fortetting eller transformasjon, skal det vurderast korleis omsynet til eit klima i	Det er lagt ved både terrengsnitt og perspektivteikningar som visualiserer tiltak som planen opnar for. Bekk med kantsoner er ivareteke i planforslaget. Det er ikkje opna for tiltak nærare enn dagens situasjon. Nødvendige omsynssoner er tatt inn. Det er gjort grep for å bu seg på klimaendringar. Det er sett krav til overvassløysing, det er sett av areal til open overvasshandtering og opna for regnbed. Det er vidare sett krav om blågrøn faktor.

	endring kan sikrast. «Klimaprofil Møre og Romsdal» gjev eit kunnskapsgrunnlag for klimatilpassing i fylket. Peikar på at det er viktig at ROS-analysen inkluderer ei vurdering av kva effektar klimaendringar vil gje, om planområdet er utsett for klimaendringar, og vurdere konsekvensane klimaendring vil ha for planområdet og planlagde tiltak. Det bør leggjast vekt på gode heilskaplege løysingar og varetaking av økosystem og arealbruk med verdi for klimatilpassing som òg kan medverke til auka kvalitet i uteområde. Planar skal ta omsyn til behovet for opne vassvegar, overordna blågrøne strukturar og forsvarleg overvasshandtering. Det skal grunngjevast dersom naturbaserte løysingar ikkje veljast. Miljødirektoratet har laga ein rettleiar til korleis planar kan ta omsyn til klimaendringar. <u>Universell utforming:</u> Legg til grunn at ein i planlegginga har fokus på universell utforming både innom- og utomhus, jf. plan- og bygningslova § 1-1. Viser til merknader, og ber om at dei blir vurdert i det vidare planarbeidet.	UU er ivareteke gjennom føresegner.
Statsforvalaren 25.06.2025	Ingen nye merknader.	
7. Statens vegvesen, datert 28.06.2022	Peiker på at det er ulik planavgrensing i varsel om oppstart som er sendt ut på høyring og brevet som er sendt til utviklingsavdelinga etter handsaming i formannskapet. Presiserer at dei legg til grunn at det er utsendingsbrevet som er riktig avgrensing. <u>Aasenkvartalet i høve E39 Volda-Furene:</u> Viser til at dei har starta endring av planforslaget for E39 Volda-Furene som grensar til planområdet i aust. Presiserer at dei har intensjon om å vidareføre området BOP1 som i gjeldande reguleringsplan, men at ein må pårekna justeringar/endringar av veganlegget som vil gripe inn i arealet. Dette vil ikkje røyre	Mange av momenta i uttalen er ikkje relevant ettersom planforslaget er endra. Det har vore dialog med SVV der løysingar har vore diskutert undervegs.

direkte med varsla planområde for Aasenkvartalet (byggesteg 1 og 2), men ut frå dei illustrasjonane som ligg i mellom anna rapporten «Og den leiken ville han sjå» for byggesteg 3, kan den illustrerte løysinga komme i konflikt med ei justering av gang- og sykkelveg langs framtidig E39. Viser til vedlagt illustrasjon.



Rampe i nordaust

Parkeringsplass med tilkomst frå den kommunale vegen Nytun med innteikna rampe ned til ein parkeringskjellar relativt nært gang- og sykkelvegen langs framtidig E39. Her kan ein ikkje sjå vekk i frå at det kjem justeringar både i vertikal- og horisontalplanet. Ein må difor ikkje låse byggesteg 1 og 2 til denne løysinga som no vert planlagt til ei slik løysing då det kan verte konflikt med framtidig E39.



Rampe i sør

Det synes som rampe er teikna inn like ved busslomma ved eksisterande og framtidig E39 og at denne er så nært at konstruksjonen vidare under bakken vil komme under plattformen til busslomma. Dette er ei løysing som kan føre til utfordringar for prosjektet og som ikkje kan akseptast.

Mjuke trafikantar: Viser til at E39 (Elvegata) og fv.5894 (Vikebygdvegen) i hovudnett for sykkel er definert som hovudrute. Det same er kv. 5100 (Kårstadvegen) og kv. 8200 (Sjukehusvegen). Det er viktig at det innanfor planområdet vert sikra gode bindingar til dei overordna rutene. Med tanke på auka bruk av el-sykkel og el-sparkesykkel må ein også forsøke å finne løysingar som enten separerer gåande og syklande eller har tilstrekkeleg bredde til begge gruppene.

Parkering: Peikar på at parkeringsdekning er eit verkemiddel for å nå nasjonale mål om at fleire skal gå, sykle eller reise kollektivt. For eit framtidsretta prosjekt som Aasenkvartalet med sentrumsnær lokalisering og gode mogelegheiter for å reise med kollektiv, sykkel eller til fots, ser vi det som aktuelt at parkeringsdekninga vert satt til det minimale. Samlokalisering/-bruk med

Hovudnett for sykkel er ivareteke i planarbeidet og det er sikra gode bindingar mellom løysingar internt i planområdet og dei eksisterande og planlagde løysingane utanfor planområdet.

Gang-/sykkelvegen langs E39 Elvegata er vidareført.

Krav til parkering er sterkt redusert i forhold til det kravet vi har i kommunedelplanen for tidlegare Volda kommune. Det er sett av areal til 3 større parkeringsareal. Desse vil erstatte dagens parkeringsplassar i området. Planforslaget vil berre tilføre 45 nye parkeringsplassar.

Det er tatt inn krav om etablering av venstresvingefelt i krysset E39 Elvegata / Joplassvegen. Planområdet er utvida og det er tatt inn tilstrekkeleg areal for etablering av venstresvingefeltet.

	andre funksjonar i området må også vurderast. <u>Tilkomst frå E39:</u> Dei to første byggestega vil ha tilkomst frå kv. 3959 (Joplassvegen). Med utvikling av området vil dette belaste krysset med E39 med meir trafikk. Dette krysset vart oppgradert med trafikkøy i sidevegen i samband med utbygginga av Volda Campus Sparebank1 Arena, men er framleis ikkje optimalt utforma. Ei utfordring vi ser i dette krysset er at det ligg i utgangen av ei ytterkurve noko som gjer det vanskelegare å oppfatte køyrande som skal svinge venstre av E39. Passeringslomma ligg då i innerkurva og gjer det uoversiktleg for trafikantane å tilpasse køyringa si gjennom krysset. Passeringslomma er også kort (ca. 60 meter) og vil slik føre til at trafikantane må ta bråe svingebevegelsar samstundes som dei ikkje har kome ut frå kurva. Før vi kan akseptere ytterlegare belastning må ein gjere ei ny vurdering av trafikktryggleik og trafikkavvikling i krysset, og eventuelle tiltak må sikrast gjennom rekkefølgjeføresegnene. <u>Konklusjon:</u> Viser til punkta vi har nemnt over, og ber om at dei vert svara ut og følgt opp i planarbeidet.	
Statens vegvesen datert 31.10.2024	Meiner utvidinga er formålstenleg, så lenge trinn i utbygginga vert sikra i form av rekkjefølgjekrav. Utvidingsarealet i aust kan ikkje byggast ut før Volda – Furene tunnelen er realisert. Det må takast høgde for behov for anleggsbelte for bygging av gang-sykkelveg i aust. Viser til at det forslagsstillar har gått vekk frå parkeringskjellar og ber om at parkeringsbehovet vert vurdert nærare, både i høve faktiske behov, effektiv arealbruk og ei tilrettelegging som oppmodar til bruk av kollektiv, sykkel og gange. Spør om det er naudsynt med så mange parkeringsplassar som situasjonsplan datert 10.06.2024 viser? Kunne ein nytta delar av	Som nemnd over så er kravet til parkering redusert og det er berre lagt opp til etablering av 45 nye parkeringsplassar. Det er opna for at alle bygg kan ha parkeringskjellar.

	utearealet annleis på ein høgskule? Meiner hotell og høgskule har parkering vest for planområdet og at ein kan vurdere eit avgrensa tal på parkering til hotellet nord-aust i planområdet. Må ta høgde for framtidig varelevering til høgskule og hotell på ein god måte utan at det er til hinder for trafikktryggleiken for mjuke trafikantar. Oppmodar om å sjå på andre løysingar for kollektivreisande og køyrande enn ein gjennomgåane internveg. Må vurdere trafikkavviklinga i krysset Joplassvegen og E39.	Varelevering til N/T1 vil i hovudsak skje frå avkøyrsløse frå Joplassvegen. Berre varelevering til kulturscena vil skje via torgarealet. Varelevering til N/T2 vil skje frå tilliggande parkeringsareal. Varelevering til N/T3 vil kunne skje frå hovudtilkomst. Den interne gjennomgåande vegen vil bli stengt med bom og ha prioritet for mjuke trafikantar.
Statens vegvesen datert 24.06.2025	Meiner utviding av planområdet verkar fornuftig sett opp mot ønsket om tilrettelegging av betre tilkomst frå nord og betring av trafikksituasjonen langs Elvegata/E39 forbi Campusområdet. Viser elles til tidlegare innspel, tilbakemeldingar og uttalar i saka, og legg til grunn at reguleringsplanen vil innehalde rekkjefølgjekrav som sikrar at tiltak knytt til trafikktryggleik, betre trafikkflyt og at planlagd trase for E39 Volda- Furene, med nødvendig midlertidig område for bygg og anlegg er tilstrekkeleg sikra.	Innspele er kommentert tidlegare. Det midlertidige område for bygg og anlegg er sikra i planen. Arealet er noko redusert i sør.
8. Statsbygg, datert 30.06.2022.	Formålet med planarbeidet er i tråd med campusutviklingsplanen. Statsbygg ber om å bli holdt orientert om utviklingen av planforslaget, da deler av vår eiendom sør for Hans Strømbygget er tatt med i planområdet. Til orientering planlegger Statsbygg og Høgskolen i Volda en oppgradering av Hans Strømbygget.	Imøtekome.
9. Rolf Ottar Rovde datert 22.06.2025.	Er svært kritisk til at vollen og hekken, som gir både fysisk og visuell skjerming, vil bli fjerna og at det vi ta tid å etablere tilsvarande skjerming på nytt – om det er mogeleg. Viser til tidlegare tiltak på eigedomen med fjerning av lindetrær. Dei meiner at dagens tiltak med solid natursteinsmur, jordmassar(voll) og ein velfungerande, levande hekk skaper ei	Det er lagt opp til etablering av venstresvingefelt som vil medføre tiltak på eigedomen. Løysinga er ikkje detaljprosjektert og vi vil måtte kome tilbake til endeleg løysing og kva konsekvensar dette vil ha for tiltak på dykkar eigedom. Vi vil gjennom dialog prøve å finne ei løysing som kan

	naturleg og harmonisk skjerming som både dempar støy og gir eit roleg, grønt og visuelt tiltalande inntrykk mot trafikken og bymiljøet. Den tette og høge hekken vernar også eigedomen mot både vegstøv og annan forureining frå trafikken, og skapar eit reinare og meir skjerma nærmiljø bustaden. Meiner dagens forbikøringslomme fungerer godt for den relativt avgrensa trafikken og dei oversiktlege forholda. Meiner at lomma kan utvidast noko utan større inngrep i tilgrensande eigedomar. Meiner venstresvingefelt er eit kostbart tiltak og at det er fleire andre flaskehalsar langs e39 gjennom Volda sentrum med større behov for tiltak. Viser og til at det er godkjent plan for E39 Volda – Furene og at dette vil gi endra trafikkmonster og at behovet for tiltak felle bort. Viser til at eigedomen tidlegare har vore ramma av offentlege prosjekt med belastande tiltak og ber om at det vert vurdert alternative løysingar som i større grad tek omsyn til eksisterande bustadeigedomar og etablerte skjermingstiltak.	vere akseptabel både for dykk og samtidig gir nødvendig trygg trafikksituasjon.
10. Studentsamskipnaden datert 24.06.2025	Peiker på at det med endå større trafikk i dette krysset, vert enno meir behov for at det vert lagt til rette for sikker kryssing av E39 for fotgjengarar mellom anna til eigedomane. Viser til at dei har teke opp dette tidlegare med vegstyresmaktene, og vonar no at det i denne reguleringsplanen vert teke med ein trafiksikker fotgjengarovergang i området. Føreset også at endringa og utvidinga av trafikkarealet i krysset ikkje fører til ulemper for inn-og utkøyring frå eigedomane.	Tilkomst for eigedomen er uendra. Det har ikkje vore rom for å finne anna løysing for trygg overgang av fotgjengarar enn det er lagt opp til i områderegulering for E39 Volda – Furene..